

# Styresak

---

Går til: Styremedlemmer  
Føretak: Helse Fonna HF  
Dato: 08.11.13  
Sakshandsamar: Leif Terje Alvestad  
Saka gjeld: **Sal av eigedommar ved Valen sjukehus**

**Styresak 101/2013 A**  
1 vedlegg

**Styremøte 27.11.2013**

---

## Forslag til vedtak:

1. Styret i Helse Fonna HF tilrår sal av Ekelyvegen 2 og Valevegen 62 i Kvinnherad kommune
2. Saka skal sendast til Helse Vest RHF for vidare handsaming.

## Bakgrunn for saka

Helse Fonna HF eig to einebustader på Valen. Både to har dei siste åra vore utleigd. Bustadane har ein teknisk tilstandsgrad på 2, og ein må pårekna en større rehabilitering dersom ein skal nærma seg det som ein i dag kan forventa vil være dagens standard. I hovudsak vil rehabiliteringskostnadane være relatert til sanitær og elkraft installasjonar, det same gjeld vindaug, kledning og isolasjon.

Alder og tilstand gjer at føretaket i framtida ikkje ser for seg inntekter som står i forhold til dei kostnadene det er å drifta bustadane.

Administrerande direktør meiner at det vil være meir føremålstenleg å leiga bustad etter behov på den private marknaden.

Begge bustadane er pr. i dag utleigd og leigetakarne er gjort kjent med at føretaket har til føremål å selje bustadane.

Bustadane er registrert på same tomt. Det vil påløpe ein kostnad på 21.500,- for oppmåling og tinglysing når ein splittar eigendomen.

## Fakta

Den bokførte verdien på bustadane gjer at føretaket må rekna med eit mindre rekneskapsmessig tap.

<p>Maskinmeistebustad Ekelyvegen 2 Gr.nr.:185/ br.nr.: 187 Einebustad oppført 1911 Areal:</p> <p>Bokført verdi bustad: 1.460.088,- Bokført verdi uthus: 100.403,-</p> <p>Samla teknisk tilstand 2,06</p>	
<p>Forvaltarbustad Valevegen 62 Gr.nr.:185/ br.nr.: 187 Einebustad oppført 1931 Areal:</p> <p>Bokført verdi: 2.572.536,-</p> <p>Samla teknisk tilstand 2,00</p>	

## Konklusjon

Etter vedtak i styret i Helse Fonna HF vil saka bli sendt til Helse Vest RHF for vidare handsaming.

Etter helseføretakslova § 31 skal sal av fast eigedom avgjerast av føretaksmøtet. Begge bustadane vil ha ein salssum under 10 millionar kroner og kan difor handsamast i Helse Fonna HF sitt føretaksmøte jamfør vedtektene § 11.